



Majo Eigedom AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/120 - 16/14746

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

19.07.2016

Mangelsbrev - GBNR 18/36 - Søknad om riving av fritidsbustad og oppføring av tremannsbustad - Sagstadvegen

Vi viser til søknad om riving av fritidsbustad og oppføring av tremannsbustad på gbnr. 18/36, journalført 11.7.2016.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 27-4 at før oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta «*være sikret vegforbindelse*». I dette tilfellet må eigedomen ha vegrett over gbnr. 18/34. Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre ein slik avtale om vegrett.

Vidare må det søkjast til Statens vegvesen om utvida bruk av avkjørsel, jf. pbl § 27-4 første ledd siste setning.

Søknaden manglar i tillegg gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett for ansvarleg søkjar og ansvarleg prosjekterande.

De har i tillegg anledning til å kommentere innkomne merknadar frå eigar av gbnr. 18/34.

På bakgrunn av det ovannemnde avventar kommunen vidare handsaming til søknaden er fullstendig, jf. pbl § 21-4.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:
Majo Eigedom AS